

## **Retningslinjer for bruk av Hoppekassa i Norddal kommune.**

*(Vedteke i ungdomsrådet 10.05.07, sak 18/07)*

*(Pkt. 9 er tillegg vedteke i formannskapet 13.10.08, sak 121/08)*

### **Formål**

*Tilby ei enkel og fleksibel finansierungsordning til den/dei som fell innunder ordninga "Entreprenørskap i skulen" og "Unge etablerarar" under 19 år som har forretningsidear med uavklart potensiale.*

### **1. Fondsstyre.**

Ungdomsrådet er fondsstyre i Norddal kommune.

### **2. Tilskot kan bli gitt til:**

Gründercamp i regi av "Entreprenørskap i skulen" og Elevbedrifter som vil ha eit spesielt behov for tilskot til for eksempel marknadstest eller førebuande marknadsarbeid.

Vidareføring av elevbedrift etter endt skuleår, kan og bli vurdert.

Unge etablerar (under 19 år) med ein ide som har uavklart potensiale, dvs. treng oversikt over for eks. marknad, teknologi, mulege produsentar, konkurrentar eller samarbeidspartnarar. Tilskot kan bli gitt for innleige av ekstern konsulent til rådgiving eller enkel utgreiing etter avtale med idèhaver. Tilskot kan og bli gitt til reiser, for eksempel for presentasjon overfor investor.

### **3. Tilskot blir ikkje gitt til:**

Eigeninnsats i søkarprosjektet og ingen kostnader som løn blir godkjent.

### **4. Avgrensing av tilskot.**

Grense for stønad til tiltak som vedkjem fleire, t.d. gründercamp og elevbedrift der fleire står som eigarar, blir sett til kr 10.000,-.

Grense for stønad til enkeltpersonføretak blir sett til kr 5.000,-.

### **5. Utbetaling.**

Tilskot vert utbetalt når det er framlagt rapport og enkelt rekneskap med kvitteringar.

### **6. Søknadsskjema.**

Det blir utarbeidd eige søknadsskjema som skal nyttast.

### **7. Møteverksemd.**

Fondstyret skal ha minst 4 møte i året.

I tvilstilfelle om stønad bør bli gitt eller ikkje, skal fondstyret søke råd hos ordførar eller rådmannen i Norddal kommune.

### **8. Formell kontakt.**

Bruk av midlane blir å rapportere til Norddal kommune minst 1 gong pr år.

Ungdomsrådet søker om avsetting av midlar til fondet i god tid før budsjetthandsaming kvar haust.

Fondsstyre/ungdomsrådet formidlar kontakt vidare til kommunen og/ eller den som kan hjelpe idèhavarar og gründerar vidare i oppbygging av eiga verksemd.

### **9. Kulturaktivitetar.**

Dersom det er disponible midlar i fondet, kan fondstyret gjere vedtak om å gje økonomisk støtte til kulturaktivitetar for ungdom i Norddal kommune.